



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval:	Eldrerådet
Møtestad:	Stordal
Dato:	16.01.2026
Tid:	Kl. 09:00 - 10:30

Medlemmer:	Parti
Ann Elise Dyrkorn	
Knut Eldar Relling	
Olav Løvoll	AP
Solveig Linge Stakkestad	Sp

Forfall:	Parti
Unn Linge Valdal	

Vara:	Parti
Svein Vidar Normann	

Ann Elise Dyrkorn
leiar

Siv Krokfoss
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
001/26	Godkjenning av møtebok
002/26	Orienteringssaker
001/26	Høyring - Organisering og innhald i TT-ordning
003/26	Det skal vedtakast møteplan for 2026 for Eldrerådet

I tillegg vart to saker som skal opp i formannskapet 22.01.26 diskutert:

Sak 003/26 Tilvisningsbustader i Fjord kommune

Eldrerådet stiller seg positiv til saksvurdering og konklusjon, men meiner saka skulle ha vore lagt fram for Eldrerådet. Stor ros til artikkelen i Storfjordnytt, som var veldig informativ om saka. Eldrerådet ber om eit møte for å få meir informasjon om vidare framdrift.

Sak 005/26 Mynde til å utpeike koordinatoransvar på tvers av sektorar.

Denne saka burde har vore til uttale i Eldrerådet før politisk behandling. Eldrerådet si uttale er at dette er flott og at vi støtter saksgrunnlaget og konklusjonen.

Uttale frå Eldrerådet er sendt over til formannskapsmøte 22.01.2026.

001/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Eldrerådet 16.01.2026:

Behandling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

EL- 001/26 Vedtak:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

002/26: Orienteringssaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Orienteringssakene blir tatt til orientering.

Eldrerådet 16.01.2026:

Behandling:

Høyringa var drøfta og diskutert.

EL- 002/26 Vedtak:

Orienteringssak om TT-ordning vart tatt til vitande og RFUN sender inn høyringssvar til Møre og Romsdal fylkeskommune

001/26: Høyring - Organisering og innhald i TT-ordning

Eldrerådet 16.01.2026:

Behandling:

Høyring ang. TT-kort var drøfta og diskutert.

Fylkeskommunen vurderer tre alternative modellar for godkjenning og klagebehandling:

- Kommunal godkjenning (dagens modell)
- Kombinert godkjenning (kommunal førstegodkjenning, sentral nemd for komplekse saker)
- Fylkeskommunal godkjenning (alle søknader behandlast av fylkeskommunen)

Eldrerådet i Fjord kommune meiner at dagens modell - kommunal godkjenning - er mest føremålstenleg. Dette fordi det vert mindre byråkrati og meir nærheit mellom sakshandsamar og brukar. Samstundes vil lokalkunnskap være til stor nytte.

Fylkestinget har vedtatt å fjerne skiljet mellom M1 (bor under 10 km frå kommunesenter) og M2 (bor over 10 km frå kommunesenter).

Det er foreslått å ha to grupper M1: Fylkeskommunal TT-ordning og M5: Statleg TT-ordning (blinde, svaksynte, rullestolbrukarar).

Eldrerådet i Fjord kommune støttar forslaget.

Fylkestinget har bedt om at satsane i TT-ordninga blir auka. Det er foreslått å gi alle brukarar i den fylkeskommunale ordninga lik sats, uavhengig av bustad i høve til kommunesenteret.

Eldrerådet i Fjord kommune meiner at satsen bør være kr 3500 og at eit realistisk tal for ordninga er 3000 brukarar.

EL- 001/26 Vedtak:

Eldrerådet i Fjord kommune meiner at dagens modell - kommunal godkjenning - er mest føremålstenleg. Dette fordi det vert mindre byråkrati og meir nærheit mellom sakshandsamar og brukar. Samstundes vil lokalkunnskap være til stor nytte.

Eldrerådet i Fjord kommune støttar forslaget om å fjerne skiljet mellom M1 og M2, samt at det ver to grupper M1 og M5.

Eldrerådet i Fjord kommune meiner at satsen bør være kr 3500 og at eit realistisk tal for ordninga er 3000 brukarar.

Høyring om organisering og innhald i TT-ordning vart tatt til vitande og Eldrerådet sender inn høyringssvar til Møre og Romsdal fylkeskommune

003/26: Det skal vedtakast møteplan for 2026 for Eldrerådet

Oversikt over datoer for møte i formannskap og kommunestyre 2026

Formannskap	Kommunestyre
22. januar	5. februar
26. februar	12. mars
26. mars	16. april
30. april	21. mai
4. juni	18. juni
27. august	17. september
15. oktober	29. oktober
19. november	10. desember

Eldrerådet 16.01.2026:

Behandling:

Møteplan for Eldrerådet 2026 vart drøfta og vedtatt.

16. januar

6. mars

7. april

15. mai

11. juni

11. september

20. oktober

Møta vert gjennomført vekselvis i Valldal og Stordal frå kl. 09:00

EL- 003/26 Vedtak:

Møteplan for Eldrerådet 2026 vart drøfta og vedtatt.

16. januar

6. mars

7. april

15. mai

11. juni

11. september

20. oktober

Møta vert gjennomført vekselvis i Valldal og Stordal frå kl. 09:00